


FORVALTING AV VILLREINEN

MELLOM RV. 7

OG RV. 50



Prosjektrapport
desember 1992

Etter initiativ frå villreinnemnda og villreinutvalet for Hardangervidda sette fylkesmannen i Buskerud våren 1992 i gang prosjektet "Villreinforvaltinga mellom rv. 7 og rv. 50."

Som ein del av dette prosjektet vart det i juni 1992 sett sama ei arbeidsgruppe med hovudoppgåve å arbeida ut eit forslag til jaktforvaltingsopplegg for villrein i området for dei næraste åra.

I arbeidsgruppa, som har hatt representantar for fjellstyra og for dei private grunneigarane i dei fire kommunane som inngår prosjektområdet, har desse vore med:

Aurland: Bjørn Martinsen, Ingvald Bjelde
Hol: Gunnar Skogheim, Oddvar Maurseth
Ulvik: Magnus Ljone, Ivar Osa
Eidfjord: Henry Hæreid, Alf Håkon Kvamsdal

Viltforvaltar i Buskerud, Bjarne Smukkestad, og prosjektleiar Harald Skjerdal har delteke i drøftingane i arbeidsgruppa. Sekretær for arbeidsgruppa har vore Harald Skjerdal.

Denne rapporten er resultatet av gruppa sitt arbeid.

FORORD 1

SAMANDRAG 3

1. INNLEIING 4

2. OMRÅDESKILDING 6

2.1. Areal og beitegrunnlag 6

2.2. Villreinen sin bruk av området 7

2.3. Forhold som trugar villreinen sin bruk av omr. 8

3. MÅLSETJING 12

4. VERKNADEN AV FORVALTINGSTILTAKA DEI SISTE ÅRA 13

5. FRAMTIDIG VILLREINFORVALTING I OMRÅDET 13

5.1. Grense mellom villreinområda 13

5.2. Kvotetildeling, minsteareal pr. fellingsløyve 15

5.3. Fellesjaktavtalar 17

5.4. Opning for jakt 18

6. GRUNNEIGARORGANISERING OG -SAMARBEID 20

6.1. Valdstruktur 20

6.2. Organisering ved opning for jakt 21

VEDLEGG:

Innsamling av synspunkt frå jaktrettshavarane på forvaltinga av villrein i områda mellom rv. 7 og rv. 50 - resultat av høyring gjennomført i april 1992.

Områda mellom rv. 50 og rv. 7 var i åra 1989-91 underlagt bestemmelsar om 0-jakt på rein. For året 1992 vart det og gjort vedtak om 0-jakt i området. Ei arbeidsgruppe med medlemar frå alle dei 4 kommunane innan området har arbeidd ut eit forslag til forvaltingsopplegg for dei næraste åra.

Eit vilkår for at villreinen skal kunna få ei optimal utnytting av beiteressursane i området er at menneskeskapte inngrep og aktivitetar ikkje får større omfang enn i dag, men at ein tvert imot greier å redusera omfanget av einsskilte aktivitetar.

Arbeidsgruppa vurderer verknaden av 0-jakt åra 1989-92 slik: Nord for Bergensbana har ein stadbunden blandingsflokk auka frå omlag 20 til 70-80 dyr i perioden. Sør for Bergensbana har ein ikkje registrert tilsvarande utvikling av noka stadbunden stamme. Førekosten av dyr frå Hardangervidda som nyttar området sommar og haust har variert i perioden. Villreinen sin bruk av området har vore vesentleg større til andre tider av året enn i jakttida.

Arbeidsgruppa går inn for at grensa mellom Nordfjella og Hardangervidda villreinområde ikkje vert endra no. Ein bør sjå kva konsekvensar Finsetunnellen får for reinstrekka før ein på nytt vurderer forvaltingsgrensa mellom villreinområda.

Når det gjeld eventuell inndeling i soner med ulikt minste-areal pr. fellingsløyve, meiner arbeidsgruppa at for den delen av området som ligg innan Hardangervidda villreinområde bør minstearealet pr. fellingsløyve vera det same som for Hardangervidda elles, grunngjeve med at Hardangerviddastamma i vesentleg grad nyttar vinterbeita nord for rv. 7, og at området såleis er med og held oppe produksjonen til stamma. For Nordfjella sør for rv. 50 bør minstearealet pr. fellingsløyve setjast til 2X det minstearealet som vert fastsett for områda nord for rv. 50 dei næraste åra.

For einssidige fellesjaktavtalar som vert oppretta som følgje av restriksjonar på jakt i deler av området meiner arbeidsgruppa at det bør setjast følgjande normer for kva som kan vera akseptabelt m.o.t. avgjeving av kvote og bestemmelsar om jaktutøvinga: Jaktrettshavar som inngår fellejaktavtale bør ikkje i noko høve avkrevjast meir enn 30 % av fellingskvoten, og for dei jegrar som kjem inn i eit vald gjennom fellesjaktavtalar bør det så langt som råd gjelda dei same reglar som for valdet sine egne jegrar.

Arbeidsgruppa meiner det kan opnast for vanleg jakt, på linje med Hardangervidda elles, i valda aust for Simadalen i Eidfjord og i den delen av Hol som ligg mellom Bergensbana og rv. 7. For valda i Eidfjord vest for Simadalen (HA26, 26 A og 27), Ulvik, og områda i Aurland og Hol sør for rv. 50 bør det framleis vera ei restriktiv jaktforvaltning, men det kan opnast for ei varsam jakt på bukk frå hausten 1993.

For å gjennomføra eit slikt jaktopplegg i det nordlege delområdet bør det opprettast egne driftsplanområde og inngåast avskytingsavtalar med villreinnemndene, i samsvar med kap. VI i hjorteviltforskriftene.

Før jakta i 1989 vart det fastsett særlege vilkår for kvotetildeling og jakt nord for rv. 7 i Hardangervidda villreinområde. I medhald av § 8 i hjorteviltforskriftene fastsette villreinnemnda at minsteareal pr. fellingsløyve her skulle vera 4X det minstearealet som vart fastsett for andre vald i villreinområdet. I det same vedtaket vart jaktrettshavarane nord for rv. 7 oppmoda om ikkje å nytta fellingsløyva sine nord for vegen, men i andre vald gjennom inngåing av einsidige fellesjaktavtalar.

Det same året inngjekk jaktrettshavarane sør for rv. 50 i Nordfjella (Aurland og Hol) ein avtale som innebar at tildelte fellingsløyve ikkje skulle nyttast sør for rv. 50, men i vald nord for vegen gjennom fellesjaktavtalar. Dette vart stadfesta gjennom vedtak i Nordfjella villreinnemnd, og det vart fastsett 4X så høgt minsteareal sør for rv. 50 som elles i Nordfjella.

Året etter vart vedtaket for områda nord for rv. 7, som i utgangspunktet var gjort gjeldande for 3 år, endra slik at jaktrettshavarane fekk tildelt full kvote mot at dei kunne visa til oppnådde fellesjaktavtalar med vald sør for rv. 7, der fellingsløyva skulle nyttast. Det same opplegget har vore følgt åra etter, til og med jakta i år (1992).

For Nordfjelladelen sør for rv. 50 har opplegget vore uendra frå 1989 til og med jakta i 1992, etter årlege vedtak i villreinnemnda.

Bakgrunnen for den særskilde jaktforvaltninga mellom rv. 7 og rv. 50 i høve til Hardangervidda og Nordfjella villreinområde elles, var at ein frå midten av 1980-talet hadde sett ein sterk nedgang i talet på rein som heldt seg i området. Dette kan illustrerast t.d. med dei registreringar av fellingsstader som er gjorde i samband med skjønnet etter vassdragsutbygginga i Aurland:

I 1984, som var siste året med god jakt i Vestfjelli (områda sørvest for Aurlandsdalen) vart det felt 83 dyr her. Sidan gjekk fellingstala bratt nedover, til 8 felte dyr i 1987 og 4 dyr i 1988, som var siste året med jakt i området.

Den same tendensen finn ein i dei tilgrensande områda i Hol, Ulvik og områda nord for rv. 7 i Eidfjord.

Tilhøvet skuldast mykje ei jaktforvaltning som la opp til sterk reduksjon av villreinstamma både på Hardangervidda og i Nordfjella, og som viste seg å gå særleg hardt ut over dyr som hadde tradisjon for å nytta utkantane - nordområda på Vidda og sørområdet i Nordfjella. Feilen ein gjorde var at det vart jakta like hardt på flokkane i utkantområda som i dei sentrale delene av villreinområda. Bygginga av rv. 50 og oppdemming av reguleringsmagasin i Nordfjella har medverka til at nye dyr har hatt vanskeleg for å vandra inn nordfrå. Trafikk og aktivitetar langs Bergensbana, rv. 7 og i andre deler av området har nok vore medverkande årsaker til at lite rein har kome inn att. I same lei har det

verka at ein dei siste åra har hatt ei lita villreinstamme både på Hardangervidda og i Nordfjella.

Gjennom å vedta ei særskilt forvaltning med 0-jakt nord for rv. 7 og sør for rv. 50, vona ein å medverka til at lokale flokkar i området skulle få byggja seg opp, og at dyr med tradisjon for å trekkja inn i området i deler av året skulle auka i tal.

I samband med at det for jakta 1992 på nytt skulle vedtakast eit jaktforvaltingsopplegg for valda nord for rv. 7, vart det på fellesmøte mellom villreinnemnda og villreinutvalet på Hardangervidda i november 1991 bestemt at det skulle gjennomførast eit prosjekt med sikte på å få vurdert forvaltinga av desse områda i villreinsamanheng.

Fylkesmannen i Buskerud, (viltforvaltaren) arbeidde ut prosjektskisse, og det vart engasjert prosjektleiar. Det vart søkt DN om midlar til arbeidet.

Arbeidet har omfatta følgjande:

- Rundspørjing utsendt til alle jaktrettshavarar i april 1992, m.a. for å få kartlagt haldningane til den vidare forvaltinga av området. Resultat av rundspørjinga føreligg.
- Innsamling av opplysningar frå jaktrettshavarane om villreinen sin bruk av området. Ei kartframstilling av desse registreringane er utarbeidd.
- Opne møte mellom prosjektleiar og jaktrettshavarane vart haldne i Hol, Aurland, Ulvik og Eidfjord i april 1992.
- Framlegg til jaktforvaltingsopplegg for jakta 1992 vart lagt fram for villreinutvalet og villreinnemnda for Hardangervidda i april/mai 1992.
- Ei arbeidsgruppe av grunneigarar og fjellstyre vart samansett i møte på Halne fjellstove den 25. juni 1992. Ein grunneigar- og ein fjellstyrerepresentant frå kvar av kommunane Hol, Aurland, Ulvik og Eidfjord, i tillegg til viltforvaltaren i Buskerud og prosjektleiaren.
- Denne rapporten er eit resultat ovannemnde arbeid, og av 3 møte i arbeidsgruppa.

2. OMRÅDESKILDRING

2.1. Areal og beitegrunnlag

I følgje opplysningar frå viltnemndene dekkar områda mellom rv. 50 (Aurland - Hol) og rv. 7 (over Hardangervidda) følgjande areal:

NORDFJELLA:	Aurland: 351.700 da.	
	Hol: 522.800 "	I alt 874.500 da.

HARDANGERVIDDADA:	Hol: 70.000 da	
	Eidfjord: 406.100 "	
	Ulvik: 457.800 "	
	Aurland: 24.700 "	I alt 958.600 da.

I alt innan Nordfjella og Hardangervidda: 1.833.100 da.

Bergensbana utgjer i dag forvaltingsgrensa mellom dei to villreinområda, med unnatak av ein flik av Ulvik (omlag 138 kv.km.) som ligg nord for Bergensbana, men som likevel høyrer til Hardangervidda villreinområde.

Dei gode vinterbeita for rein finn ein aust i området - austover frå Hardangerjøkulen og aust for løypa Finse - Geiteryggen.

Dei vestlege områda er meir nedbørrike og eignar seg best som sommarbeite for rein. Ein har og store, uproduktive høg fjellsparti innan området, som Hardangerjøkulen, Hallingskarvet og Storskavlen. Desse partia har likevel ein funksjon for villreinen, som stader for avkjøling og vern mot insekt på varme sommardagar. I botnane oppunder desse fjellpartia finn reinen rike snøleiesamfunn, som er viktige sommarbeite.

Det er gjennomført kartlegging av lavbeita både i Nordfjella (Gaare, rapport 1986) og på Hardangervidda (Gaare og Hanson, rapport 1989). Ein har ikkje nokon samla oversikt over lavbeiteressursane i det området som dette prosjektet omfattar.

Arbeidsgruppa går ut frå at tilhøva i desse områda ikkje skil seg vesentleg frå tilhøva elles i Nordfjella og Hardangervidda villreinområde når det gjeld lavbeiteareal i prosent av totalareal, og dermed potensialet til området i villreinsamanheng.

Dette gjeld vel og merka når ein ser på korleis området er frå naturen si side - menneskeskapte tilhøve kan ha endra dette.

2.2. Villreinen sin bruk av området

I tidlegare tider:

I Finseområdet og i områda sør og aust for Hardangerjøkulen finn ein drivfangstanlegg for rein. Dette tyder på at det i eldre tid har vore viktige reinstrekk mellom Hardangervidda og fjellområda lenger nord.

Dyregraver og bogestiller finn ein mange stader i området, både nord og sør for Bergensbana, noko som tilseier at førekomsten av villrein til tider har vore god. Dette vert dokumentert m.a. av Øivin Bakke (Årbok nr. 10 1982-84, Norsk Skogbruksmuseum, s.129-198) og Christopher Prescott (Arkeologiske undersøkjingar i Aurland i 1988, Universitetet i Bergen).

I vårt hundreår kan ein knapt seia at villreinen har hatt "normale" vilkår i området. I åra frå omlag 1880 til 1982 har det med unnatak av nokre korte opphald vore utstrekt tamreindrift i området. Såleis var det året 1900 omlag 4000 tamrein i Hol kommune. Bergensbana, som vart teken i bruk i 1909, utgjorde ei ny barriere for villreinen.

Dei seinare åra:

I samband med dette prosjektet er det samla inn opplysningar frå grunneigarar og andre med kjennskap til området om korleis reinen har nytta området. Opplysningane er særleg detaljerte for den siste 4-årsbolken, dvs. den tida området har vore unnateke jakt.

Måten villreinen har nytta området på dei siste åra kan grovt skisserast slik:

Nord for Bergensbana:

Ein flokk har hatt fast tilhald i området heile året. Dette er ein blandingsflokk som no tel 70-80 dyr. Flokken har dei siste åra kalva i områda rundt Storskavlen.

I tillegg kryssar småflokkar med bukk frå Hardangervidda Bergensbana og nyttar områda på nordsida som sommarbeite. Det er og i nokre høve dei siste åra registrert at bukkflokkar frå Nordfjellastamma kryssar rv. 50 og nyttar sommarbeita sør for vegen. Sporadisk er det og registrert at flokkar nordfrå har kryssa rv. 50 på vinterstid.

I åra med overpopulasjon på Vidda førekom det kalving i områda sør for Hallingskarvet. Sist vår vart det og registrert kalving i dette området.

Sør for Bergensbana:

Større flokkar frå Hardangerviddestamma nyttar områda sør og aust for Hardangerjøkulen som seinhaust-og vinterbeite. Flokkane kryssar gjerne rv. 7 seinhaustes, trekkjer nord- og

austover på vinterbeite, og sørover att på vårparten. Mindre bukkeflokkar vert gåande att på sommarbeita rundt Hardangerjøkulen og i områda vestover mot Vossaskavlen. Det vert og årleg registrert småflokkar med simler som kalvar vest for Simadalen, i områda ved Onen. Sameleis er det registrert kalving i Isdalsområdet i Eidfjord.

Av dette går det fram at villreinen har ein markert ulik bruk av fjellområda nord og sør for Bergensbana, og at det for ein stor del er ulike dyr som nyttar områda nord og sør for bana.

I periodar med overpopulasjon på Hardangervidda har tilhøva vore annleis. Store flokkar frå vidda har då trekt nordover mot Nordfjella, utan omsyn til jernbane og riksvegar. Dette har gjerne skjedd i tider med vanskelege beitetilhøve på vidda. Åra 1960-65 og 1975-81 hadde ein slike trekk.

2.3. Forhold som trugar villreinen sin bruk av området

Inngrep og aktivitetar som konkurrerer med villreinen si utnytting av fjellområda er utførleg skildra i rapporten "Inngrep og forstyrrelser i Buskeruds villreinområder," laga av Fylkesmannen i Buskerud, miljøvernadv. i 1986, og i ein tilsvarande rapport frå Fylkesmannen i Hordaland laga i 1992.

Arbeidsgruppa vil her berre trekkja fram dei inngrep/aktivitetar som me meiner er mest til hinder for villreinen si utnytting av beitepotensialet innan prosjektområdet:

Jernbane

Etter at Bergensbana vart bygd tidleg i dette hundreåret har det vore sparsom utveksling av dyr mellom områda nord og sør for bana. Fangstanlegg viser at villreintrekka nord - sør i dette området må ha vore betydelege i tidlegare tider. I periodar med svært stor stamme på Hardangervidda har det likevel vist seg at bana ikkje har vore til hinder for at store reinsflokkar frå Vidda har vorte "pressa" nordover på leit etter tilgjengeleg beite.

Den omlegginga av Bergensbana som er under arbeid, med ein lang tunnell frå Finse til Lågheller og omlegginga av banestrekninga elles, vil høgst truleg medverka til at villreinen etter kvart tek i bruk fleire av dei tidlegare brukte trekkvegane i større grad.

Eit vilkår for at dette skal kunna skje må vera at fysiske hindringar langs den gamle banestrekninga (snøoverbygg, køyreleidningar) vert fjerna, og at uro og menneskeleg aktivitet på denne strekninga ikkje får større omfang enn i dag. Helst må uronivået i området reduserast i høve til i dag.

Rallarveg og Rallarbane

Bruken av den gamle anleggsvegen frå Haugastøl til Myrdal som sykkelveg aukar frå år til år. August er den store månaden for denne aktiviteten, då snøfennene som stengjer vegen tidlegare på sommaren stort sett er vekke.

Så lenge denne aktiviteten pågår for fullt utgjør denne trafikken truleg eit større hinder for villreintrekka enn Bergensbana. Ikkje berre trafikken av dei syklande, men og telting langs vegen er eit problem. På denne måten får ein uro langs strekninga frå morgon til kveld.

Aktiviteten langs Rallarvegen må ein rekna med vil halda seg oppe, og kanskje auka i åra som kjem. Av omsyn til villreintrekka på forsommaren må det ikkje tillatast snøbrøyting av vegen vest for Finse for å framskunda starten på sykkesesongen.

Arbeidsgruppa meiner det må opprettast teltfrie soner mellom Finse og Hallingskeid. Slike soner kan opprettast ved forskrift gjeven av DN i medhald av Friluftsløva.

Tilrettelegging av nokre overnattingsstader/teltplassar på strekninga Haugastøl - Myrdal må vurderast. I denne samanhengen er det viktig at ein går ut med god informasjon til dei reisande om kvifor det vert innført restriksjonar.

Den planlagde rallarbana frå Finse til Lågheller vil vera med på å redusera den positive effekten omlegginga av Bergensbana kan få for reinstrekka. Ut frå omsynet til villreinen er det svært lite ynskjeleg med nye tiltak langs den gamle banetraséen.

Dersom Rallarbana trass i dette vert realisert, er det viktig at driftssesongen for bana fell saman med sesongen for sykkelturismen langs Rallarvegen, m.a.o. at banestrekninga ikkje vert oppbrøyt før trafikken av syklande set inn.

Riksvegar

Ein må gå ut frå at trafikk og aktivitet langs både rv. 7 og rv. 50 til tider verkar som hinder for villreintrekka.

Det har vist seg at trafikken langs rv. 7 ikkje er til større hinder enn at reinsflokkar passerer til alle årstider. På nokre strekningar kan vegen verka som ein fysisk barriere i år med store snømengder og høge brøytekantar vinter og vår. Ein veit sjølvstapt lite om korleis trekkvegane her ville ha vorte brukte dersom vegen ikkje hadde vore der.

For rv. 50 er tilhøvet eit anna. Før vegen kom var det naturleg samband mellom nord- og sørdelen av Nordfjella

villreinområde. Dei siste åra er det sjeldan observert dyr som har kryssa vegtraséen. Det kan vera snakk om 2-3 observasjonar av flokkar eller einskilddyr pr. år. Det er vanskeleg å seia kor mykje av nedgangen som skuldast vegtrafikken og kor mykje som skuldast vassdragsreguleringar i området, som og har ført til at trekkveggar har vorte stengde.

Ein viktig attverande trekkveg går over Geiteryggen, der vegen går i tunnell omlag 3 km. Dette området har ei turisthytte og turløyper sommar og vinter, noko som vanskeleggjer passasjen for villrein.

Ein må gå ut frå at reinstrekket over rv. 50 vil ta seg opp att når ein har fått bygt opp att ei stamme sør for vegen, og med ei større totalstamme i Nordfjella.

Den vedtekne stamvegtraséen mellom Oslo og Bergen over Fillefjell kan få konsekvensar både for rv. 50 og rv. 7 når det gjeld vinteropning/-stenging, med dei følgjer dette kan få for villreintrekka vinterstid.

Med framleis vinteropne fjellovergangar vil det tyda mykje for oppretthalding av villreintrekka at mest mogleg av vegtraséen vert lagt i tunnell.

Turløyper sommar og vinter

Dei gode vinterbeita for rein ligg i dei austlege delene av området. Dette er og dei områda som er hardast belasta når det gjeld løypenett. Konflikten vinterbeite for villrein/vinterløypenett er alvorleg. Denne konflikten gjer at bereevna for området - den bestandsstorleiken området kan ha over lang tid utan at beitegrunnlaget vert redusert - vert vesentleg lågare enn det som naturtilhøva skulle tilseia.

Vinterløypenettet er tettast langs Hallingskarvet frå Haugastøl og austover, rundt austenden av Skarvet og vidare på nordsida vestover til Gurostølfjellet.

Dersom villreinen skal få nokon sjanse til å utnytta dei gode vinterbeita i desse områda, må det lagast løypefrie lommer i terrenget der reinen får vera i fred. Det er vanleg å rekna at villrein viser fluktreaksjon når folk kjem nærare dyra enn ca. 500 m. om vinteren. Denne reaksjonen varierer sjølvstøtt etter forholda. Skogland har påvist fluktreaksjon på avstandar opp til 2 km.

Dette tyder at om slike lommer skal ha nokon funksjon, må dei ha ein storleik på fleire kvadratkilometer.

Arbeidsgruppa vil peika på to måtar ein kan få gjennom krav om regulering av løypenettet på:

- I følgje lova om motorferdsle i utmark (§ 10) kan grunneigaren nekta motorisert ferdsle på sin eigedom. Arbeidsgruppa vil oppmoda grunneigarlaget for villreinvalda i Hol om å bruka dette verkemiddelet der det måtte vera naudsynt for å få oppretta slike løypefrie område som er nemnde ovanfor. Helst bør dette gjerast etter at ein har prøvt å få ein dialog med reiselivsnæringa der ein prøver å få til friviljuge løysingar.

- Løypenettet kan regulerast av det offentlege dersom det vert fastsett forskrifter til § 8 i Viltlova. Ut frå omsynet til leveområda for villrein er det sterkt ynskjeleg at slike forskrifter vert laga.

Konflikten mellom turløyper og leveområde for villrein finn ein ikkje berre i Hol, men i alle dei 4 kommunane innan prosjektområdet. Grunnen til at tilhøve innan Hol kommune vert trekte fram, er at det er her ein finn dei største vinterbeiteressursane. Vinterbeite er som kjent minimumsfaktoren for villreinen i våre område. Samstundes har og vinterturismen størst omfang i denne kommunen.

Arbeidsgruppa ser det ikkje som rett å utelukka område med tett løypenett som teljande bakgrunnsareal for kvotetildeling. Ein bør i staden arbeida for å leggja om løypenettet på ein slik måte at ein del areal kan attendeførast som beiteareal for villrein.

Hytter og overnattingsbedrifter

Konflikten her går mykje på det same som er sagt ovanfor om turløyper. Stor ferdsle av folk i nærområda til hytteområde og overnattingsbedrifter gjer områda lite aktuelle som leveområde for villrein.

Ein del område som vert medrekna som teljande villreinareal ved kvotetildeling har areal som er regulert til hyttebygging, reiseliv eller anna verksemd som er i direkte konflikt med villreininteressene.

Arbeidsgruppa går inn for at areal som gjennom kommunale regulerings- eller bebyggelsesplanar vert disponerte til hytteområde eller område for turistanlegg, og andre område som i dag er tettbygde med hytter/turistanlegg, går ut som teljande areal for tildeling av fellingskvote for villrein.

Arbeidsgruppa vil tilrå at viltnemndene på grunnlag av kommunane sin arealdel til kommuneplan, føreliggjande kommunedelplanar, regulerings- og bebyggelsesplanar tek ut dei områda som bør fråtrekkjast det teljande arealet for kvotetildeling, ved å nytta § 15 c i hjorteviltforskriftene.

Sauebeiting

Skogland og Gausemel har i "Villreinen" for 1989 lagt fram resultat som viser at villrein og sau i liten grad vil nytta det same beiteområdet samtidig. Ein må av dette slutta at villreinen vil unngå eit område som har ein stor tettleik av sau på beite.

Deler av prosjektområdet som ligg innan Hardangervidda villreinområde har mykje beiting av sau. Dette er i mindre grad tilfelle i Nordfjelladelen av området.

Arbeidsgruppa meiner at reduksjon i sauetalet i deler av området vil kunna verka positivt for villreinen sin bruk av området.

Hundekøyring:

Einskilde deler av prosjektområdet er hardt belasta når det gjeld hundekøyring.

For å hindra konflikhtar mellom denne aktiviteten og villreinen sine krav til beiteområde, må aktiviteten regulerast ved at det vert fastsett forskrifter til viltlova sin paragraf 8.

Motorisert ferdsle i utmark:

Aukande bruk av snøscooter i vinterbeiteområda og kalvingsområda vil vera klårt uheldig for villreinen sin bruk av desse.

3. MÅLSETJING

Arbeidsgruppa vil trekkja opp følgjande målsetjingar for forvaltinga av prosjektområdet for villrein:

- At villreinen utnyttar området optimalt i høve til vinterbeita.
- At førekomsten av villrein i området kjem opp på eit nivå som tilseier jakt som i Nordfjella og Hardangervidda villreinområde elles.
- At området ikkje berre fungerer som marginalområde under vanskelege beitetilhøve i sentrale strøk på Hardangervidda/ i Nordfjella, men har tilhald av villrein til alle årstider, slik dei naturgjevne tilhøva skulle tilseia.
- At forvaltinga av Nordfjelladelen av området skjer på ein slik måte at det ikkje kjem i konflikt med forvaltinga av Hardangerviddadelen, og omvendt.
- At villreinen sine trekkvegar mellom Hardangervidda og Nordfjella vert oppretthaldne eller styrka.
- At inngrep og uro i området ikkje aukar ut over nivået i dag, men at ein tvert imot får redusert omfanget av nokre inngrep/aktivitetar slik at villreinen på nytt får tilgang til tidlegare brukte beite- og trekkområde.
- Å få talfesta lavbeiteressursane mellom Bergensbana og rv. 50 ved neste beitegransking i Nordfjella, slik at ein kan få berekna området si berevne for rein.
- Å få gjennomført merking av nokre dyr for å få kartlagt vandringsmønsteret til reinen i dette området.

4. VERKNADEN AV FORVALTINGSTILTAKA DEI SISTE ÅRA

I åra 1989-92 har det ikkje vorte gjeve løyve til villreinjakt i området. Tildelte fellingsløyve har vorte nytta i andre område, gjennom fellesjaktavtalar.

Arbeidsgruppa vurderer verknaden av dette tiltaket slik:

Nord for Bergensbana har den stadeigne flokken som var nede på godt 20 dyr året før det vart innført jaktstopp auka til 70-80 dyr etter kalving i 1992. Dei siste 3 åra har flokken hatt ein kalvetilvekst på omlag 25 % pr. år i snitt, og talet på dyr i flokken er dobla i denne perioden.

I tillegg er det registrert ein svakt aukande tendens til trekk av bukkeflokkar sørfrå over Bergensbana på vinter-, vår- og sommarbeite.

Dei komande åra kan ein tenkja seg ei utvikling av den stadbundne flokken nord for Bergensbana som skissert slik:

Dersom ein held fram med 0-jakt i området kan talet på dyr i flokken, ut frå ein tilvekst på 25 % pr. år og med liten naturleg avgang, auka til omlag 150 om tre år (1995) og til omlag 300 i 1998. Dersom ein opnar for ei varsam jakt, vil det naturleg nok ta fleire år å få ein slik auke.

Mellom Bergensbana og rv. 7 har villreinen sin bruk av området i den jaktfrie perioden vore stabil eller avtakande sommar og haust. Årleg vert 50-150 dyr, hovudsakeleg bukk, registrerte når dei om hausten passerer rv. 7 sørover mot brunstområda.

Til andre tider av året kan området verta nytta av ein vesentleg del av Hardangerviddastamma.

Effekten av den jaktfrie perioden har altså vore klårt best i Nordfjelladelen av prosjektområdet.

5. FRAMTIDIG VILLREINFORVALTING I OMRÅDET

5.1. Grense mellom villreinområda

Eit fleirtal i arbeidsgruppa går inn for at grensa mellom villreinområda vert den same som i dag. Dette vert grunngjeve med den ulike bruken av områda nord og sør for Bergensbana som er dokumentert lenger framme i denne rapporten, og at dette er i samsvar med ynskjet til dei fleste av dei grunneigarar og fjellstyre som har svart på rundspørjinga som vart utsendt i samband med prosjektet.

Halne sameige sin representant i arbeidsutvalet går inn for at grensa mellom forvaltingsområda bør følgja Bergensbana langs heile strekninga.

I følgje § 3 i hjorteviltforskriftene bør forvaltninga vera stammeorientert. Om omlegginga av Bergensbana vil få nokon innverknad for villreinen sin bruk av områda vil først visa seg om fleire år.

Dersom det skal skje noka grensejustering, kan det vera aktuelt å endra grensa slik at Bergensbana vert grense langs heile strekninga.

I dag går grensa mellom villreinområda slik at ein del av villreinarealet til Ulvik, omlag 138 kv.km., ligg nord for Bergensbana. Når det føregår jakt i dette området, vert det jakta dels på dyr som høyrer til "Nordfjellastamma" - flokken som har tilhald nord for Bergensbana det meste av året, dels på bukkeflokkar frå Vidda som nyttar sommarbeita nord for bana.

I verste fall kan det tenkjast ein situasjon der Ulvik har tildelt full kvote etter minstearealet som er fastsett for Hardangervidda, og nyttar storparten av desse fellingsløyva nord for Bergensbana. Dette vil kunna gå hardt ut over den stadbundne flokken som er under oppbygging nord for bana.

Arbeidsgruppa meiner at ein slik situasjon er lite tenkjeleg. Med eit samarbeid jaktrettshavarane og dei to villreinområda imellom som skildra under kapittel 6, skulle ei forsvarleg forvaltning av denne "gråsona" lata seg gjera. Den rådande haldninga til jaktrettshavarane i Ulvik når det gjeld forvaltninga av villreinen i området tilseier heller ikkje at ein slik uheldig situasjon vil kunna oppstå.

For Ulvik sin del vil det vera ei ulempe for den praktiske jaktforvaltninga å få delt arealet mellom to villreinområde - Nordfjella nord for Bergensbana og Hardangervidda sør for denne. To jaktfelt (Ulvik statsallmenning og eitt privatfelt) vil verta delte med ei slik løysing. Felta nord for bana ville verta nøydde til å søka fellesjaktavtalar med vald nord for rv. 50 i Nordfjella villreinområde.

Arbeidsgruppa ser det ikkje som aktuelt å oppretta eit eige villreinområde mellom Bergensbana og rv. 50, heller ikkje for andre deler av prosjektområdet.

Å oppretta ei ny sørgrense for Nordfjella t.d. langs rv. 50 vil kunna få den uheldige konsekvensen at utbyggingsinteresser får friare spelerom langs denne vegstrekninga, med den grunngjevinga at reinen likevel ikkje trekkjer over her.

Ein ser det som viktigare for forvaltingsorgana å arbeida for at utveksling av dyr mellom nord- og sørdelen av Nordfjella villreinområde framleis skal kunna skje, og helst i større grad enn i dag.

5.2. Kvoteutildeling, minsteareal pr. fellingsløyve

I dei jaktfrie åra har det vore ulik praksis i Nordfjelladelen og Hardangerviddadelen av området når det gjeld kvoteutildeling og vilkår for fellesjaktavtalar.

Dette kan oppsummerast slik:

Ulvik:

Valdet får tildelt fellingskvote etter same minsteareal som sentrale område på Hardangervidda, men må gje frå seg 75 % av fellingskvoten til dei valda det er oppretta fellesjaktavtalar med. Får kompensasjon på kr. 100 pr. vakse dyr.

Eidfjord:

Valda nord for rv. 7 får tildelt kvote etter same minsteareal som andre vald på Vidda. Desse valda får omsetja 75 % av fellingsløyva gjennom Eidfjord fjellstyre til fjellstyret sine prisar, og får koma inn og jakta med dei resterande 25 % av løyva.

Halne sameige, Hol:

Får tildelt kvote etter same minsteareal som andre vald på Vidda, men må gje frå seg 50 % av kvoten for å koma inn i jaktområde i Nore og Uvdal.

Hol, Nordfjelladelen:

Får tildelt fellingskvote etter 4X så høgt minsteareal som sentrale deler av Nordfjella, og må gje frå seg omlag 30 % av dette for å koma inn og jakta i område i Lærdal. Varierende vilkår for fellesjaktavtalar med dei andre kommunane.

Aurland:

Valda vest for rv. 50 får tildelt fellingskvote etter 4X så høgt minsteareal som valda aust for vegen. Fellingsløyva kan nyttast i Austfjella utan nokon kompensasjon.

Arbeidsgruppa sitt forslag til retningsliner for kvoteutildeling/minsteareal dei næraste åra:

Hardangerviddadelen:

Minstearealet pr. fellingsløyve bør framleis vera det same som for valda sør for rv. 7.

Dette vert grunngjeve slik:

Områda nord for rv. 7 vert år om anna nytta av ein betydeleg del av Hardangerviddestamma som seinhaust- og vinterbeiteområde.

Området er og viktig som sommarbeiteområde for bukk.

Sjølv om det har vore lite dyr i jakta her dei siste åra - dette gjeld generelt for nordområda på Hardangervidda - finn ein det difor ikkje rett å operera med auka minsteareal i høve til dei meir jaktsikre delene av Vidda.

Nordfjelladelen:

At minstearealet pr. fellingsløyve sør for rv. 50 i 1989 vart fastsett til 4X minstearealet nord for vegen var noko tilfeldig.

Ved ei ny vurdering av dette med differensiert minsteareal må ein ta omsyn til følgjande:

Den sterke tilbakegangen tidleg på 1980-talet i villreinstamma som nytta områda sør for rv. 50 skuldast for ein stor del tilhøve som jaktrettshavarane i området ikkje kunne lastast for:

- Reguleringsmagasin i samband med Aurlandsutbygginga og bygginga av vegen mellom Aurland og Hol gjorde at viktige trekk mellom den nordlege og den sørlege delen av villreinområdet gjekk ut av bruk.
- Forvaltingsorgana (Villreinutvalet og DN) la opp til at reduksjonsavskytinga av stamma skulle vera like sterk over heile villreinområdet. Det same skjedde innan Hardangervidda villreinområde. På denne måten vart det meste av tradisjonsdyra som nytta utkantområda utskotne.

Forhold som talar mot same minsteareal pr. fellingsløyve sør for rv. 50 som nord for denne, er at stamma som nyttar området for tida er lita, og at dyr frå den sentrale Nordfjellastamma i liten grad held seg sør før vegen.

Arbeidsgruppa ser det ut frå dette som rimeleg at minstearealet pr. fellingsløyve vert sett høgare i valda sør for rv. 50 enn i valda nord for denne.

Det vert føreslege at ein dei næraste åra nyttar eit minsteareal for vald sør for rv. 50 som er 2X minstearealet for vald nord for vegen.

Praksis omkring differensiert minsteareal må takast opp til jamnleg vurdering etter kvart som villreinen sin bruk av sørområda aukar og det vert opna att for vanleg jakt.

5.3. Fellesjaktavtalar

For å få ein rimeleg sjanse til å få felt dei dyra dei har fellingsløyve på, må jaktrettshavarane innan prosjektområdet framleis få høve til å inngå einsidige fellesjaktavtalar med vald/jaktfelt som ligg meir sentralt i villreinområda.

Som det går fram av det som er skrive ovanfor, er det ulik praxis frå kommune til kommune når det gjeld kva vilkår som vert sette i samband med oppretting av fellesjaktavtalar.

Arbeidsgruppa vil peika på at områda der reinen held seg i jakta ikkje alltid er dei same som dei områda som dyra nyttar til andre årstider og i år med marginale beitetilhøve. Over ein lengre periode er heile villreinområdet med på å bidra til det produksjonsoverskotet som villreinstamma gjev. Ein viss grad av solidaritet jaktrettshavarane imellom bør tilseia både at fleire opnar for oppretting av fellesjaktavtalar og at det ikkje vert stilt urimelege krav i samband med slike avtalar.

Det har vorte meir og meir vanleg at eit vald for å oppnå einsidige fellesjaktavtalar med eit anna vald overlet ein viss del av fellingskvoten sin som ein kompensasjon til det valdet som stiller jaktterreng.

Arbeidsgruppa går inn for at villreinutvala for Nordfjella og Hardangervidda tek denne praksisen opp til drøfting. I utgangspunktet vil arbeidsgruppa hevda at kompensasjonen ein jaktrettshavar yter for å oppnå ein einsidig fellesjaktavtale med eit anna vald ikkje i noko høve bør overstiga 30 % av fellingskvoten til vedkomande jaktrettshavar.

Vidare meiner arbeidsgruppa at det for dei jegrar som kjem inn i eit anna vald gjennom fellesjaktavtalar så langt som råd bør gjelda dei same reglar og vilkår for å jakta som for valdet sine "eigne" jegrar. Ein tenkjer då på utstrekning av jaktområdet, lengda på jaktperioden m.v.

5.4. Opning for jakt

Når det gjeld korleis området no skal forvaltast m.o.t. jakt vil arbeidsgruppa gå inn for ei ny områdeinndeling:

Den nordlege delen av prosjektområdet, dvs. den delen av området som ligg i Aurland, Hol nord for Bergensbana, Ulvik og valda vest for Simadalen i Eidfjord (HA 26, 26 A og 27) får ei restriktiv jaktforvaltning dei næraste åra, medan det i større grad vert opna for jakt i den sørlege delen av prosjektområdet, dvs. i Halne sameige i Hol og i dei resterande valda nord for rv. 7 i Eidfjord.

I det nordlege området tilrår arbeidsgruppa følgjande jaktforvaltingsopplegg:

Totalteljing, struktur- og kalveteljing bør utførast i 1993 og -94. Slik det ser ut i dag vil ein finna ei stor overvekt av bukk i området. Når ein opnar for jakt bør dette difor skje ut frå siktemålet å få ei "normal" kjønns- og aldersfordeling på den flokken som har hatt kjerneområde i Vestfjella i Aurland, og under omsyn til ein mindre fostringsflokk som har hatt tilhald i grensetraktene Eidfjord/Ulvik. Truleg vert det mest aktuelt med ei rein bukkejakt dei første åra. Ei slik bukkejakt vil dels gå ut over bukk som er knytt til den stadbundne flokken, og dels over bukkeflokkar frå Vidda på sommarbeite i området.

Også dei næraste åra må storparten av tildelt kvote takast ut i område som ligg meir sentralt i Nordfjella, gjennom fellesjaktavtalar. Arbeidsgruppa meiner det er forsvarleg å opna for ei svært varsam jakt frå hausten 1993, etter følgjande retningslinjer:

Eit visst tal fellingsløyve vert tilletne brukt i området, fordelt etter areal innan kvar kommune. Dette talet skal ikkje overstiga den kalvetilveksten som er registrert om sommaren same året. Slik sikrar ein at tilveksten vert større enn jaktuttaket, uansett utfallet av jakta. For å ta eit døme i t.d. jaktfelte sør (vest) for rv. 50 i Aurland kan dette i praksis gjerast slik:

- Det vert fastsett at t.d. 10 fellingsløyve skal kunna nyttast sør (vest) for rv. 50 innan kommunen. Fellesvaldet for kommunen administrerer tildelinga av desse løyva, og sørgjer for at korta får ei påskrift som seier at dei er gyldige vest for Aurlandsdalen.
- Dei jaktrettshavarar som er interesserte i desse løyva melder skriftleg frå til fellesvaldet om dette. Styret for fellesvaldet føretek trekning mellom dei interesserte.

Dette er eit opplegg som i eit par år har vorte nytta i eit anna jaktområde i Aurland - vest for vegen Aurland - Lærdal - og som fungerer godt der.

Opplegget kan formaliserast gjennom ein avskytingsavtale mellom jaktrettshavarane (fellesvaldet) og villreinemnda. I ein slik avtale kan ein få inn at det på fridyrskorta berre skal fellast bukk.

Måten eit slikt opplegg kan gjennomførast på kjem arbeidsgruppa nærare inn på i kapitlet om organisering og samarbeid nedanfor. Tilsvarande opplegg kan gjennomførast for Hol, Ulvik og dei aktuelle valda i Eidfjord.

Når ein med hjelp av strukturtejing etter jakt får konstatert at den stadbundne flokken har ein kjønns- og alderssamansetnad som ligg nær ei normalfordeling - truleg etter eit par år med varsam bukkejakt - er det tid for å ta opp til ny vurdering om ein skal gå over til ei anna retta avskyting.

I dette området kan ein i mange år framover halda fram med ei varsam jakt med sikte på å auka villreinen sin bruk av området opp mot bereevna.

I komande beitegranskingar i Nordfjella og Hardangervidda villreinområde må ein ta sikte på å få klårlagt den potensielle bereevna for rein i områda mellom rv. 50 og rv. 7, og for den delen av området som ligg nord for Bergensbana. Dette er nødvendig for at ein skal kunna fastsetja ei målsetjing for stammesstorleiken i området.

I det sørlege delområdet (Halne sameige og Eidfjord nord for rv. 7 med unnatak av valda HA 26, 26A og 27) tilrår eit fleirtal i arbeidsgruppa følgjande jaktforvaltingsopplegg:

Det vert frå og med 1993 opna for ei vanleg jakt i desse områda. Dette inneber at området får tildelt fellingskvote etter same minsteareal som områda sør for rv. 7, og får høve til å jakta med heile fellingskvoten nord for rv. 7.

Denne tilrådinga vert grunngjeven slik:

- Den restriktive jaktforvaltinga dei siste åra har hatt liten verknad for dyra sin bruk av området.
- Det ein oppnår gjennom 0-jakt står ikkje i forhold til dei ulemper jaktrettshavarane i området vert påførte i samband med dette.

Ulvik sine to representantar i arbeidsgruppa går mot denne tilrådinga, og ynskjer eit meir restriktivt jaktopplegg nord for rv. 7.

6. GRUNNEIGARORGANISERING OG -SAMARBEID

6.1. Valdstruktur

Innan kommunane Hol, Aurland og Ulvik har det dei siste åra skjedd ei endring i valdstrukturen, etter initiativ frå jaktrettshavarane sjølve.

I Aurland, der det inntil 1989 var 31 vald, vart desse i 1990 samanslegne til eitt. Tilsvarande fekk ein i Nordfjelladelen av Hol to vald, eitt nord og eitt sør for rv. 50. I Ulvik er 5 vald samanslegne til eitt.

Det som tidlegare var vald får no status som jaktfelt innan valdet. Grunneigarane til jaktfeltet har den same eineretten innan jaktfeltet som dei før hadde innan valdet. I Hol og Aurland er det vidare gjort slik at den valdansvarlege er den som til ei kvar tid er formann i lokallaget, eller grunneigarlaget, for villreinvald.

Den valdansvarlege får utdelt fellingsløyva for heile fellesvaldet frå viltnemnda, og får ansvar for å skriva ut fellingsløyve til dei einiskilde jaktfelta.

Ein har sett desse fordelene med ei slik organisering:

- Oppretting av fellesjaktavtalar mellom områda kan skje på ein mindre byråkratisk måte. Godkjenning av fellesjaktavtalar mellom jaktfelt innan valdet treng ikkje gå gjennom villreinnemnda, men kan skje direkte mellom jaktrettshavarane. Ein vert ikkje bunden av den søknadsfristen hjorteviltforskriftene set for godkjenning av fellesjaktavtalar.
- Jaktrettshavarane kan få nytta ut den "brøkresten" eller arealresten som ligg under grensa for tildeling av eit ekstra fellingsløyve etter at talet på fellingsløyve til kvart jaktfelt er utrekna ut frå arealet. Dette kan nyttast ut ved at summen av arealrestar for alle jaktfelta innan fellesvaldet vert samanslegne. Fellesvaldet får tildelt fellingsløyve ut frå det restarealet som då kjem fram. Inntektene av evt. sal av slike fellingsløyve kan nyttast til drift av lokallaget (fellesvaldet), medlemskontingent til villreinutvalet eller til dekking av felles oppsynsutgifter.
- Eitt felles villreinvald er lettare å forhalda seg til enn mange småvald for andre forvaltingsorgan.

Ut frå det som er sagt ovanfor vil arbeidsgruppa rå også jaktrettshavarane i Eidfjord til å søka om godkjenning av eitt fellesvald, der noverande vald får status som jaktfelt, slik det er gjort i dei andre kommunane innan prosjektområdet.

6.2. Organisering ved opning for jakt

I kapittel VI i hjorteviltforskriftene vert omgrepa driftsplanområde og avskytingsavtale nytta. Dette er verkemiddel som kan nyttast når ein ynskjer eit særskilt jaktforvaltingsopplegg innan t.d. ein del av eit villreinområde.

I kapittel 5.4 **Opning for jakt** er det skissert korleis det kan opnast for ei varsam jakt i deler av prosjektområdet. Gjennomføringa av eit slikt opplegg kan truleg best skje ved at det vert oppretta eigne driftsplanområde, og at det i samband med dette vert inngått avskytingsavtalar mellom valda og villreinnemndene. Dette er i samsvar med § 19 i hjorteviltforskriftene.

Arbeidsgruppa vil føreslå at følgjande driftsplanområde vert oppretta:

- 1) Dei valda innan Aurland og Hol som ligg i Nordfjella villreinområde sør for rv. 50 går saman i eitt driftsplanområde, saman med den delen av Ulvik som ligg nord for Bergensbana.
- 2) Vald i Ulvik, valda vest for Simadalen i Eidfjord og dei valda i Aurland kommune som ligg innanfor Hardangervidda villreinområde går saman i eitt driftsplanområde.

For kvart driftsplanområde bør det veljast eit arbeidsutval med 1-2 medlemar frå kvar kommune.

For å sikra ei samordna forvaltning av dei to driftsplanområda - det er tildels dei same dyra som går i begge områda - bør det vera ei ordning med at det i arbeidsutvalet for område 1 er med ein observatør frå område 2, og omvendt.

Arbeidsutvala utarbeider forslag til fleirårige driftsplanar for områda. Etter handsaming i dei respektive villreinutvala vert det så søkt villreinnemnda om godkjenning for driftsplanane.

Hovudsiktemålet for driftsplanområda vert å fastslå kor mange dyr det kan vera akseptabelt å fella det første året det vert opna for jakt, og vidare år for år, og kva slags dyr som skal kunna fellast. Slik kan ein sjå driftsplanen først og fremst som ein reiskap til å få eit forsvarleg jaktuttak innan ein del av villreinområdet.

I samband med driftsplanen vert det laga utkast til avskytingsavtale mellom valda og villreinnemnda, i samsvar med § 19 i hjorteviltforskriftene.

Det er ikkje meininga at desse driftsplanane skal koma i noko konkurranseforhold til dei fleirårige driftsplanane som alt føreligg for Hardangervidda og Nordfjella villreinområde. Ein kan heller sjå på dei som tilleggsplanar som meir i detalj går inn på jaktforvaltninga i deler av villreinområda. Driftsplanen for heile villreinområdet må framleis vera ein overbygning.

INNSAMLING AV SYNSPUNKT FRÅ JAKTRETTSHAVARANE PÅ FORVALTINGA
AV VILLREINEN I OMRÅDA MELLOM RV. 7 OG RV. 50 -
RESULTAT AV HØYRING GJENNOMFØRT I APRIL 1992

Eit spørjeskjema vart utsendt til alle jaktrettshavarane
(vald og jaktfelt) i området, og til dei 4 viltnemndene.

Dei innkomne svarskjema fordeler seg slik:

Aurland:

8 av 15 jaktfelt svart, repr. 266.900 da, dvs. 76 % av total

Hol, Nordfjelladelen:

6 av 13 jaktfelt svart, repr. 363.900 da, dvs. 72 % av total

Hol, Hardangerviddadelen:

1 av 1 vald svart, repr. 70.000 da, dvs. 100 % av total

Ulvik:

2 av 5 jaktfelt svart, repr. 389.000 da, dvs. 85 % av total

Eidfjord:

7 av 10 vald svart, repr. 388.700 da, dvs. 96 % av total

I tillegg har viltnemndene i Aurland og Eidfjord svart.
Areal i % av total viser til % av kvar kommune sitt villrein-
areal innanfor prosjektområdet.

Dei vald/jaktfelt som har sendt inn svar på rundspørjinga
representerer 82,6 % av det samla villreinarealet innan
prosjektområdet.

På dei følgjande sidene er det laga ein oversikt over korleis
dei innkomne svara fordeler seg.

Her er Aurland forkorta til **A**,
Hol, Nordfjelladelen til **Hn**
Hol, Hardangerviddadelen til **Hh**
Ulvik til **U**
Eidfjord til **E**

Spørsmål 1.

Meiner du det let seg gjera å få auka villreinen sin bruk av områda mellom rv. 7 og rv. 50 i ein slik grad at beitepotensialet i desse områda vert utnytta?

	SVAR:				
	A	Hn	Hh	U	E
- ja, mogleg innanfor râmene av gjeldande driftsplanar for Hardangervidda og Nordfjella villreinområde	9	5	-	1	-
- ja, dersom vinterbestandane av rein på Hardangervidda og i Nordfjella aukar opp mot nivået på 1960- og 70-talet	-	1	1	1	8
- nei, lite truleg	-	-	-	-	-

Spørsmål 2.

Dersom ja på spørsmål 1 - kva vilkår må i så fall liggja til rette for at ei slik utnytting av beitepotensialet skal kunna oppnåast?

Stikkord i svara:

Meir ro i området - samordning av løypenett - styrka oppsyn i turistsesongen - freding for jakt i fleire år - eigen driftsplan for området - forvaltingsgrensa lagt langs Bergensbana - endra valdstrukturen - unngå meir utbygging for turisme og andre inngrep - etablering av trekk over Finsetunnellen - teltfrie soner vest for Finse - utsetjing av rein - auka stamma på Hardangervidda - redusert beitetrykk av sau

Spørsmål 3.

Meiner du det let seg gjera å få bygd opp ei stadbunden villreinstamme som nyttar områda mellom rv. 7 og rv. 50 året rundt?

	SVAR:				
	A	Hn	Hh	U	E
- ja, tenkjeleg med ei stamme som nyttar heile det nemnde området	5	2	-	2	-
- ja, tenkjeleg med ei stamme som nyttar området mellom rv. 50 og Bergensbana	4	4	-	-	-
- ja, tenkjeleg med ei stamme som nyttar området mellom rv. 7 og Bergensbana	-	-	-	-	1
- nei, lite truleg	-	-	1	-	7

Spørsmål 4.

Har villreinen sin bruk av området mellom rv. 7 og rv. 50 i dei 3 jaktfrie åra 1989-91 vore:

	SVAR:				
	A	Hn	Hh	U	E
- avtakande	-	1	-	-	7
- stabil	1	1	1	1	1
- svakt aukande	7	3	-	1	-
- sterkt aukande	1	-	-	-	-

Spørsmål 5 a.

Bør det krevjast eit minimum dyretal (haust) mellom rv. 7 og rv. 50 før ein på nytt opnar for jakt i området?

	SVAR:				
	A	Hn	Hh	U	E
- ja	5	5	-	1	1
- nei	4	1	1	1	7

Spørsmål 5 b.

Dersom ja på spørsmål 5 a - kor stort bør dyretalet vera før jakt?

SVAR (Her er alle foreslag medtekne):

- i heile området	300, 500, 2000
- nord for Bergensbana	90-120, 150, 150-200, 300, 500
- sør for Bergensbana	150, 200

Spørsmål 6.

Bør vedtaket om jaktfritt område mellom rv. 7 og rv. 50 gjerast gjeldande for ein ny periode frå og med 1992?

	SVAR:				
	A	Hn	Hh	U	E
- ja	5	5	-	2	1
- nei	1	1	1	-	7

Spørsmål 7.

Korleis bør jakta ordnast når det vert opna for jakt i området mellom rv. 7 og rv. 50?

	SVAR:				
	A	Hn	Hh	U	E
- minsteareal og og retta avskyting som elles i dei to villreinområda	-	-	1	-	7
- auka minsteareal, men same retta avskyting som i villreinområda elles	-	2	-	-	-
- same minsteareal som i villreinområda elles, men berre fridyrssdelen av kvoten (bukkekorta) vert nytta mellom rv. 7 og rv. 50, resten av kvoten nytta i andre område gjennom fellesjaktavtalar	2	-	-	1	1
- auka minsteareal, og berre fridyrssandelen av kvoten (bukkekorta) vert nytta mellom rv. 7 og rv. 50, resten av kvoten nytta i andre område gjennom fellesjaktavtalar	4	4	-	1	-
- anna alternativ	1	-	-	-	-

Spørsmål 8 a.

Bør jakt i den utstrekning du har antyda i svaret på spørsmål 7 føregå alt frå komande haust (1992)?

	SVAR:				
	A	Hn	Hh	U	E
- ja	1	-	1	-	7
- nei	6	6	-	2	1

Spørsmål 8 b.

Dersom ja på spørsmål 8 a - jakt i heile det nemnde området eller innan følgjande deler av området:

Her har 2 svart heile området,
1 svart nord for Bergensbana
og 5 svart sør for Bergensbana

Spørsmål 8 c.

Dersom ja til jakt frå komande haust - grunngje svaret.

	SVAR:				
	A	Hn	Hh	U	E
- villreinen sin bruk av området aukar ikkje sjølv om det ikkje vert jakta	-	-	1	-	7
- det økonomiske tapet av ikkje-jakt vert for stort	-	-	-	-	-
- det bør vera lik handsaming av alle deler av eit villreinområde	3	-	-	-	6
- anna grunngjeving	-	-	-	-	-

Spørsmål 9.

Korleis bør etter dykkar meining forvaltingsgrensa mellom Hardangervidda og Nordfjella villreinområde gå?

	SVAR:				
	A	Hn	Hh	U	E
- som i dag	7	3	-	2	8
- anna alternativ	-	2	1	-	-

Dei som har svart "anna alternativ" har alle føreslege Bergensbana som grense langs heile strekninga.